

## REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I JØSNESET BYGDARÅD 18.02.2014

Møtet blei som vanleg halde i Trivselsstova.

For Bygdarådet møtte Berit S. Hjorteland, Silje Sværen, Cesilie Waaland, Odd Fosså og Sven Westersjø

I tillegg møtte 13 personar.

1. **Val av møteleiar:** Berit S. Hjorteland
2. **Godkjenning av innkalling og sakliste:** Godkjende
3. **Årsmelding og rekneskap for Bygdarådet:** Berit las opp årsmeldinga. Den blei godkjend med følgande kommentarar: Oppsetjing av Solbygda-skiltet burde vore med. Det blei etterspurd plan for dugnad v gapahuken. Dette er under planlegging, og det kom forslag om betalingskasse for ved som blei brukt. Oppussing av oppslagstavlene blei og etterspurd; dette har Odd teke ansvar for. Odd gjekk gjennom rekneskapet, som blei godkjend. Rasin Tjeltveit har liggande ein sum innsamla under tilsteljing på skulen, dette var tenkt som tilskot til kjøp av nye mikrofonar.
4. **Årsmelding og rekneskap for Jøsneset bedehus:** Trygve Brandal gjekk gjennom desse. Årsmøtet tek framlagd årsmelding og rekneskap til orientering.
5. **Val:** Helga Havnerås møtte for valkomiteen. Komiteen si innstilling var ikkje klar då innkalling til årsmøtet blei send ut. Årsmøtet godtek likevel av valet blir gjennomført.

**Berit S. Hjorteland og Silje Sværen** har begge vore 6 år i Bygdarådet, og kan difor ikkje fortsetja.

**Svanhild H. Gbada og Unni T. Fossaa** blei valde som nye styremedlemmer for 2 år

**Odd Fosså** går fra å vera styremedlem til å bli ny leiar for 1 år

**Knut Foss og Ola Skiftun** tok attval som varamedlemmer for 1 år

**Oddvar Skiftun** blir revisor for 2 år

Valnemda: Helga Havnerås går ut, og Berit S. Hjorteland er nytt medlem

6. **Vedtaksendring:** Årsmøtet godkjende forslaget til ny vedtekt ang revisor: «Rekneskap for Jøsneset bygdaråd skal vera godkjend og signert av revisor før det blir lagt fram for årsmøtet. Årsmøtet vel revisor for 2 år av gangen».
7. **Oppretting av Bulyst-gruppe:** Årsmøtet vedtok å oppretta ei arbeidsgruppe for ulike «bulyst-tiltak» i bygda. Gruppen er tenkt som ei styringsgruppe, for å sparka i gang undergrupper som skal jobba med konkrete prosjekt. Svanhild H. Gbada, Ola Skiftun og Silje Sværen har sagt ja til å bli med her. Sondre Fosså og Thomas Tjeltveit blei oppmoda til å bli med.

8. **Framtidig bruk av skulebygningane:** Det er no innstallert brannvarslingsanlegg i begge bygga, og dette er ein fordel for fortsatt bruk. Avtale for vedlikehald og eigarskap for Trivselsstova blei aldri signert av kommunen. Barnehagen har fremja ønske om lokaler til kontor og pauserom. Brannvesenet treng eit rom til garderobe/pauserom/kontor. Desse tek opp sine behov med kommunen, medan Bygdarådet snarast går i gang med å planleggja øvrig bruk av lokala.

9. **Eventuelt:**

**Organisering av frivillig arbeid i bygda:** Sven Westersjø har fremja forslag om å tenka nytt når det gjeld organisering av det frivillige mangfaldet i bygda. Det er vanskeleg å rekruttera folk til dei ulike styreverva, og mange jøsnesbuar er ikkje aktive i noko av dette arbeidet. Kva gjer med for å få mest ut av arbeidet me legg ned? Det blei ikkje sett som realistisk å fusjonera organisasjonane i bygda, men fleire tok til orde for at Ungdomslaget burde reviderast; kan hende ved å bytta navn som ein start? Ungdomslaget tek dette opp på sitt årsmøte.

Det blir sett som viktig at dei ulike laga driv ulike typar arbeid, slik at folk ikkje ender opp med å arrangera det same enten dei er med i Bygdarådet, Helselaget eller Ungdomslaget. Kartleggjing av kva type arrangement folk ønskjer seg er og viktig for å engasjera og inkludera ALLE.

Mange meinte det var lettare å få folk med i ein uformell arbeidskomitè for eit konkret prosjekt, enn å påta seg eit formelt styreverv.

**Bygdarådet** tek initiativ til å starta dette arbeidet. Kan hende er ein naturleg start eit samarbeidsmøte mellom dei ulike frivillige laga. Den nyoppretta Bulyst-gruppa kan vera ein naturleg koordinator for dette.

**Avslutningsfest for Jøsneset skule:** Bygdarådet får ansvar for å nedsetja ein festkomitè. Rasin Tjeltveit tek kontakt med Eldfinn Austigard ang høve til å søkja om midlar til td historiegransking ang skulen. Aktuelle innslag kan vera presentasjon av skulen si historie, framsyning av bilete og revyinnslag. Utgjeving av alle eksemplarer av Jøsnesposten som ein innbunden»jubileumsutgåve» var eit forslag.

**Historisk materiale** frå Jøsneset: Øyvind Hagen har spurt bygdarådet om dei er interessert i å overta ei samling historiske dokument frå bygda. Etter råd frå Trygve Brandal vil bygdarådet samla inn materialet og overlevera det til eit offentleg arkiv, der det kan takast vare på for ettertida og gjerast tilgjengeleg for alle. Utgåvene av «Vona» bør og leverast inn på same måte.

**17. mai på Jøsneset framover:** Årsmøtet meiner det framleis bør arrangerast «god, gammeldags» 17.mai-feiring i bygda. Dette må starta litt seinare enn det har vore vanleg, slik at skuleelevar får delta i barnetoget på Hjelmeland først. Kan hende burde toget bli eit «folketog» med ulike innslag? Bygdarådet i samarbeid med

17.mai-komiteen ser på dette, samt korleis grunnlovsjubileet 1814-2014 skal markerast på Jøsneset.

Til slutt vanka det blomar til Svanhild H. Gbada for den flotte innsatsen ho gjer med nettsida vår. Berit S. Hjorteland og Silje Sværen fekk blomar for lang og tro teneste i Bygdarådet.

*Skiftun 24.02.2014 Silje Sværen*